

TIME KOMMUNE  
Melding om igangsetting av reguleringsarbeid

Norconsult AS, på vegne av Time kommune, gjer med dette i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, melding om at følgjande reguleringsarbeid vert satt i gang:

**Plan 0517.00 - Områdeplan for BF11, Bryne sentrum**

Norconsult AS er engasjert av Time kommune til å utarbeide områdeplan for området ved Timehallen. Området er i Kommunedelplan for Bryne sentrum vist som kombinert busetnad, anlegg og grønstruktur, med krav om felles planleggjing. Føremålet kombinert busetnad og anlegg omfattar bustad, næring og tenesteyting.

Føremålet med planen er å få områdevise avklaringar på arealbruken mellom Rosseland skule og Hetlandsgata. Områdeplanen skal blant anna avklare plassering av ny symjehall i tilknytning til Timehallen, utviding av uteområda for Rosseland skule (som manglar uteområde i dag), styrking av grøntdrag og rekreasjonsområde. Det vil i planarbeidet vurderast kva andre funksjoner det kan leggas til rette for innanfor planområdet.

Planoppstart er og kunngjort på [www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no).

Områdeplanen er vurdert til å ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova §4-2, jf Forskrift om konsekvensutgreiing.

Offentlege myndigheiter, organisasjonar, naboar og grunneigarar med interesse i saka, vil få eiga melding.

Merknader og kommentarar kan sendast til:

Norconsult AS v/Anna Grødem, Jåttåflaten 27, 4020 Stavanger eller på e-post til [anna.elise.johannessen.grodem@norconsult.com](mailto:anna.elise.johannessen.grodem@norconsult.com), med kopi til Time kommune, postboks 38, 4349 Bryne eller på e-post [post@time.kommune.no](mailto:post@time.kommune.no), eller Time kommune v/Wibecke Natås, fagleiar plan, [plan@time.kommune.no](mailto:plan@time.kommune.no), innan **fristen for merknader 29.03.2019**.

Det vert høve til å ytra seg til planforslaget når det vert sendt på høyring og vert lagt ut til offentleg ettersyn etter førstegongs handsaming i Lokal utvikling (LOK). Vidare handsaming etter offentlig ettersyn vil skje i utval for LOK og Kommunestyret.

Det vert i tillegg og mogleg å følgje prosessen og gje innspel til planen gjennom sosiale media. Det vert og lagt opp til eit felles informasjonsmøte for grunneigarar, etter eigen invitasjon.